

å finna fram til dei mest lønsame «stammer». Det gjeld også å finna fram til den tilførsla av vatn og den høgd på grunnvatnet som moltene helst vil ha til kvar årstid på dei ymse stader. Difor bør forsøksfelta ligge slik an at ein kan regulere tilførsla av vatn og grunnvatshøgda, og det helst både med oppstemming og med vatning.

Ej rettleiding ville det vera om ein kunne bli klår over grunnane til at det har minka med moltene i dei siste 100 år, i kvart fall lengst sud i landet vårt. Ein kan tenkja seg så mangt. Det kan ha gjort sitt at det er litt varmare enn før. Folketalet er også større, og med det tevlinga om dei gjæve og kostelege bær, så moltekarten er plukka tidlegare og tidlegare — til slutt så tidleg at plukkarane for å få karten til å mogne betre, har ribba med seg heile molteplantene med rotstokk og alt. Det er klårt at ein slik haustemåte snart kan øyde ei moltemyr. Etter handa blir det att berre han-planter på myra, og ingen ho-planter til å gje bær. Då må det bere gale i veg.

Det kan tenkast andre grunnar til at ho-plantane døyr ut, t. d. at dei tåler mindre enn han-plantene.

Korleis det nå er med dette, så er det visst at det i dei yttre bygdene på Agder er mykje mindre av moltebær på myrane nå enn før. Det kan vera som eit hav av planter og av blom år etter år, men lite eller inkje av bær.

*A. Ager-Hanssen( sign.)*

## TORVINGENIØR, KAPTEIN ERNST WALLGREN †.

Først for kort tid siden er vi blitt kjent med at forhenværende 1. torvingeniør ved den svenske stats te vbyrå, kaptein Ernst Wallgren er avgått ved døden den 27. januar i fjor, nær 86 år gammel.

I en menneskealder var torvingeniør Wallgren den ledende fagmann innen svensk torvindustri. Hans innsats på dette felt fikk grunnleggende betydning for svensk torvindustri, men også de øvrige skandinaviske land har meget å takke ingeniør Wallgren for, først og fremst for hans publisistiske virksomhet på det torvtekniske område.

Også som militær fikk hans innsats stor betydning, bl. a. som oppfinner og konstruktør av en avstandsmåler for krigsbruk, der berregnes som en ypperlig prestasjon.

For sin innsats på det torvindustrielle område ble torvingeniør Wallgren innvalgt som æresmedlem av Deutsch-Østerreichische Moorverein, og han var også korresponderende medlem av Det norske myrselskap.

Vi lyser fred over torvingeniør Wallgrens minne.